

Alf Angelskår
Totlandsvegen 84
5993 Ostereidet
mobiltlf. 95199780
e-post : aangelsk@online.no

Vidar Lehmann
Søreidtræet 22
5251 Søreidgrend
mobiltlf. 4114 0933
e-post: v-lehma@online.no

Ostereidet/Bergen 2016

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Motor- og kommunikasjonshistorie i Nordhordland Søknad om tilskot til rehabilitering av ein Chevrolet 1929 rutebil

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
15. 03. 2016	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Bakgrunn:

I samband med restaureringa av D/S OSTER og deretter arbeid med ei nyleg utgjeven bygdebok for Ostereidet og omlandet, fekk ein ved eit reint tilfelle greie på at restane av ein no 87 år gamal lokal rutebil enno eksisterte.

Grunnar til at denne bilen bør rehabiliterast:

1. Etter at bilvegane vart bygde var dette den eine av dei to første rutebilane i denne delen av Nordhordland. (Den andre, tre år eldre, men av same fabrikat og eksteriør, vart opphoggen i 1946).
2. Rutebilen dekte området Eikanger, Eknes, Ostereidet, Bjørsvik og Stranda nord til Nesbøkaien. Ved å frakta passasjerar, varer og post til og frå dampbåtane, mellom dei D/S OSTER, var den aktuelle bilen det landbaserte leddet i den første heilmotoriserte transportkjeda mellom Bergen og grendene i området.

På same måte som no D/S OSTER er einaste attverande av regionen sine små dampdrivne fjordabåtar, er denne rutebilen den einaste att av denne delen av Nordhordland sine førstegenerasjons rutebilar. Saman med opphavelige vegtraséar, dampskipkaiar og vareskur representerar difor denne rutebilen og D/S OSTER heile den nemnde transportkjeda. I rehabilitert stand vil såleis rutebilen på same måte som D/S OSTER gå i sitt eige transportområde. I så måte er dette eit unikt transporthistorisk konsept.

Pga. drivstoffmangel i krigstida vart bilen sett i garasje frå utgangen av 1942. I 1946 vart han avskilta som rutebil, men vart i ombygd stand brukt og teken vare på. Sidan 1967 har han vore lagra og teken hand om i ein garasje til no avlidne bussjåfør i BNR, Harald Rød. Nærare historikk framgår av vedlegg 1

3. Ein annan grunn til å rehabilitera rutebilen framgår av vedlegg 2, som syner at bilen er godkjend som restaureringsobjekt av Kjøretøyavdelinga ved Statens Vegvesen, og 3, at Miljødepartementet etter kommunikasjon med Riksantikvaren uttrykkjer generell interesse for bevaring av slikt rullande materiell.

Restaureringa så langt:

Etter uformelle drøftingar og førebuingar vart prosjektet CH 29 etablert den 20 mars 2015. Vedtekter, styre og arbeidgruppe finst i vedlegg 4 og 5. Som ein ser er dette høgkompetent personell så vel motorteknisk som med omsyn til konstruksjon og bygging av karosseri. Prosjektet har fått veileigna verkstadlokalitet og teknisk utstyr til fri disposisjon. Prosjektplan med tidsrammer finst i vedlegg 6.

CH 29 har sjølvstendig administrativt, arbeidsmessig og finansielt ansvar. Rekneskap og finansieringsplan er synt i vedlegg 7. Ein viktig partner er BNR Veteranbussklubb, som det er meininga skal overta bilen når prosjektet er fullført.

Arbeidet er så langt organisert som dugnad med fast frammøtedag. Ein er no i midtfasa av delprosjekt 2. Motoren er på det meste renovert, men enno ikkje sett heilt saman. Ra mme, understell og andre metalldelar er sandblåstne, grunna og lakka. Pr. 4/3 20016 er loggført 388 dugnadstimar. I tillegg, og større enn dette talet, kjem administrativt arbeid og reising, alt så langt for deltakarane si eiga rekning.

I delprosjekt 2 står att ein del viktige innkjøp (Vedlegg 8). Greier ein å finansiera dette kan prosjektplanen si tidsramme haldast.

På denne bakgrunn og med tilvising til vedlegga tillet ein seg å søkja Lindås kommune om eit tilskot på kr. 25.000 for inneverande år.

Likelydande søknader vert våren 2016 sende Lindås kommune og Hordaland fylkeskommune.

Ostereidet, 10. mars 2015


Alf Angelskår
styreleiar


Vidar Lehmann
styremedlem

Vedlegg:

1. Historisk dokumentasjon
2. Uttale frå Statens Vegvesen
3. Internt skriv frå Det Kongelege Miljøverndepartement
4. Vedtekter for prosjekt CH 29
5. CH 29, oversyn, styre og arbeidsgruppe
6. Prosjektplan
7. Finansiering og rekneskapoversyn
8. Attståande innkjøp i delprosjekt 2